

Ikkje berre kunstnarar, men også designarar skapar no nye objekt av gamle, brukte ting – designkunst.

Aktuell tendens: Oppvinning



EIT DØME PÅ OPPVINNING: Ron Arads «The Rover Chair», 1981.

DESIGN:

MATERIALA til den første stolen sin fann Ron Arad (f. 1951) på ein losseplass i London i 1981. Eit sete frå ein bil og metalldelar frå eit stillas blei til ein komfortabel lenestol. I alt laga han eit par hundre eksemplar i sin eigen verkstad og selte dei for ein hundrelapp. I dag må du ut med 30.000–40.000 kroner for denne stolen på auksjonar. Verdistinga heng saman med at stolen er blitt eit designikon, eit døme på tidstypisk post-punk-estetikk, og i tillegg er opphavsmannen blitt ein av dei mest etterspurde designarane i verda. Det kan likevel diskutast om dette er eit designprodukt. Kan den ikkje like gjerne klassifiserast som handverk eller kunst? Å ta utgangspunkt i funne og ferdiglaga ting, var i alle fall ein strategi Ron Arad kjente frå bildekunsten, og marknaden for mange av møblane hans er å finna i kunstverda. Så kanskje kan vi med Alex Cole kalla «The Rover Chair» for designkunst.

«**NOKRE MENNESKE** likar å sjå på kunst, andre å sitja på han», lyder opningslinja i boka hans «Design Art». I stigande grad har kunstsamlarar utvida samleinteressa til særigne møbelobjekt, og på kunstmessa i Basel 16. – 20. juni finst det ei eiga avdeling for dette. Slik

vi har vent oss til at alt mogeleg kan vera kunst, kan alt mogeleg også vera design i dag.

I EI VERD som er så full av ting, er det ingen grunn til å tæra unødige på naturressursane. Mange designarar og kunstnarar vel heller å gjenbruka det som allereie finst. Det slitte bilsetet i «The Rover Chair» minner oss om den tidlegare bruken, men fortel også om det å ha blitt vraka og vurdert som verdiløst.

SLIK VI HAR VENT OSS TIL AT ALT MOGELEG KAN VERA KUNST, KAN ALT MOGELEG OGSÅ VERA DESIGN I DAG

Gjennom si utveljing og omarbeiding, har Ron Arad gitt bilsetet eit nytt liv. Den oppgraderinga i status og verdi som denne prosessen har ført til, er eit sentralt poeng for William McDonough og Michael Braungart i boka «Cradle to Cradle: Remaking the Way We Make Things». Dei talar både om «downcycling» og «upcycling» i denne samanhengen, i tillegg til det meir vanlege «recycling». Ron Arad sin stol er eit

framifrå døme på «upcycling». Eg har konferert med Norsk språkråd om kva denne typen gjenvinningspraksis kunne heita på norsk, og kan no introdusera eit nyord: oppvinning.

AT EI SLIK oppgradering ofte resulterer i ting som tener som investerings- og statusobjekt for dei få, er ein lagnad denne typen produkt deler med alle andre kunst- og designobjekt. Meir vesentleg i den store samanhengen er likevel at det representerer ei designtenking og ein praksis som tar omsyn til miljøet. I tillegg blir vi konfronterte med trongen til å rangera nytt og ubrukt over gammalt og brukt, og minna om verdien i å lata historiske spor få leve med i det nye.

NY SPALTIST

Inspirert kunsthistorikar

JORUNN VEITEBERG byrjar i dag som spaltist i BT. Ho er halvvegs i eit treårig forskingsprosjekt på Kunsthøgskolen i Bergen. Emnet er søppel og funne ting som råmateriale i dagens keramikk. Ho er utdanna kunsthistorikar og har tidlegare arbeidd som utstillingsleiari, forskar og redaksjonssjef i NRK Fjernsynet. Sidan 1995 har ho for det meste arbeidd frilans, og ho har skriva bøker om reklame, plakatar, kunsthåndverk og sist biografien «Ambrosia Tønnesen. Stenhugger i det Fine» som kom i 2009.

INSPIRASJONSKJELDER: Tidlegare var det foreldra mine sine bokhyller, no surfar eg stadig på Amazon og AbeBooks og kjøper bøker hemningslaust om vidt ulike emne. Mitt kunsthistoriske førebilete er Linda Nochlin, mellom kuratorane lyser Marcia Tucker og som skribent med breie kulturhistoriske interesser har eg lært mykje av Einar Økland. Men mest lar eg meg inspirera i direkte kontakt med kunstnarar og kunststudentar.

MIN VEG INN I KUNSTHISTORIA: Eg begynte å studera kunsthistorie som eit passende støttefag til teatervitenskap, men gode lærarar gjorde at eg blei hengande. Men eg skil ikkje mellom kunstbilde og andre slags bilde når det gjeld interesser.

KVIFOR SKRIVE I AVIS? Å få høve til å dela med andre kva eg som forskar er opptatt av, ser eg som eit privilegium.

LES: Helst fag, for tida bøker om rusk og rask; dei tinga vi ikkje lenger likar og difor kvittar oss med. Samstundes les eg bøker som kan forklara kvifor det finst ting som får særleg verdi for oss. Har 10–12 titlar om desse emna i ein stakk på skrivebordet. Meir sjeldan blir det ein roman eller ei diktsamling, men nyleg kjøpte eg Tomas Espedals «Imot kunsten» som skal få følgja med på neste flyreise.

SER PÅ: Før såg eg mykje på reklame, men det har eg trøytta på. Eg finn derimot ofte visuelt stimulans i interiør og ting enten det er eit gardinmønster eller ein lampefot, og eg oppsøker gjerne kunst der eg kan gjenkjenne den same fascinasjonen for daglegliv og populærkultur.



JORUNN VEITEBERG

kunsthistorikar

MIDT I KULTUREN



Som å vere med på eit eksperiment
BÅRD TUFTE JOHANSEN PÅ FOTBALL-VM, DAG OG TID



Noe har skjedd med Eldar Vågan
MORGENBLADET



Ikke helt frisk
DAGBLADET ANMELDER EMINEMS SISTE PLATE



Er det rett og rimelig at festspilldirektør Per Boye Hansen skal tjene mer enn statsministeren?
BA